



Nedstrandsvekst

Invitasjon til å bli med på oppretting av ny stifting på Nedstrand, Tysvær kommune.

Stiftingsmøte på Nedstrand Bygdehus,
torsdag 21.06.2018 klokka 19.30.

Invitasjon til å bli med på oppretting av stiftinga Nedstrandsvekst

På 1600-talet var Nedstrand hovudstaden i Ryfylke. Over mange år har bygda arbeidd hardt for å få til vekst og utvikling, etter å ha hatt utfordringar med arbeidsplassar og tilflytting. Dette har også påverka service- og handelsnæringa i bygda. Det er stor avstand til sentra i kommunen og i regionen.

Det er nå ny optimisme og vilje til å satse. Me har ein stor historisk moglegheit til å få vekst og utvikling knytt til reiseliv og interessa for Himakånå, Nedstrands svar på Trolltunga. I løpet av kort tid har det kome svært mange besøkande til Himakånå og talet på besøkande stig raskt.

Potensialet er stort ikkje berre på Nedstrand, men også for Tysvær, Haugalandet og Ryfylkeregionen. Himakånå er tatt inn på lista over toppurar som blir marknadsført som Iconic Hiking Tours, saman med Preikestolen, Trollpikken, Skomakarnibbå, Langfoss og Trolltunga. På Nedstrand har me ein klartrepark og mange andre turtilbod. I tillegg er Nedstrand ein del av nasjonal sykkelsti og den internasjonale North Sea Cycle Route, verdas lengste sykkelrute, som startar med ferje frå Stavanger til Nedstrand.

Svært mange av dei som kjem er utanlandske turistar. Turoperatørar og cruisemarknaden har vist konkret interesse. Så langt har dette skjedd utan marknadsføring, informasjonen blir kjent på Facebook og andre sosiale kanalar. Destinasjonsselskap, reiselivsselskap, turoperatørar mfl. ynskjer å bruke Himakånå og Nedstrand i si marknadsføring, og som reisemål, dette gir også grunnlag for ei viktig og rett satsing lokalt.

For å utnytta potensialet for utvikling på Nedstrand, er det planlagt ei rekke tiltak. Sentralt i dette står oppretting av stiftinga Nedstrandsvekst, som blir det selskapet som skal koordinere aktivitetane og følgje opp dei ulike prosjekta som er nødvendige for å oppnå målet. Det er ikkje mogeleg å få dette til utan pengar og til dette treng me hjelp.

Nedstrand Bygdeutval vil med dette invitere alle som kan tenkje seg å bli med, på oppretting av stiftinga Nedstrandsvekst.

Ynskjer du meir informasjon, kontakt:

Ingeborg Baustad, 957 78 348, epost: ibaustad@online.no eller

Svein Inge Djursvoll, 982 37 075, sveindju@gmail.com

Leif Grindheim, 952 44 637, leif@legria.no

INVITASJON TIL TEIKNING AV GRUNNKAPITAL/ANNAN EIGENKAPITAL I SAMBAND MED STIFTINGSMØTE FOR STIFTINGA NEDSTRANDSVEKST

Stiftingsmøte for stiftinga Nedstrandsvekst finn stad torsdag 21. juni kl 19.30 på Nedstrand Bygdahus. Me gjer merksame på at det også er høve til å gje bidrag/gåver til stiftinga Nedstrandsvekst etter at selskapet er skipa.

0. INFORMASJON OM TEIKNING

0.1 Teikning av grunnkapital og annan kapital

Det vert halde stiftingsmøte for stiftinga Nedstrandsvekst torsdag 21. juni kl. 19.30. I samband med møtet blir det invitert til teikning av stiftinga sin eigenkapital. Stiftinga er ei næringsdrivande privat stifting og grunnkapitalen må difor vere minimum kr 200.000,-. I stiftinga Nedstrandsvekst vil dei første NOK 200.000,- bli sett som grunnkapital. Overskytande teikningsbeløp vil bli registrert som annan eigenkapital. Me har sett oss som mål å hente inn totalt kr 1.000.000,-, for å få det rette utgangspunktet for selskapet.

Når stiftinga er oppretta, har opprettaren (den som har teikna seg for grunnkapital/annan eigenkapital) ikkje lenger råderett over formueverdien som er overført til stiftinga. Jfr. Lov om stiftingar § 3. Andelen ein bidreg med går til føremålet og gjev såleis ingen stemmerett i samband med årsmøte og liknande.

Etter at stiftinga Nedstrandsvekst er skipa, kan ein framleis teikne seg for kapital i stiftinga. Denne kapitalen vert då lagt til Nedstrandsvekst sitt eigenkapital som annan eigenkapital.

0.2 Minste og største teikningsbeløp

Der er ikkje sett øvre eller nedre grenser for teikningsbeløp.

0.3 Teikningsperiode og -stad

I samband med skipinga, er teikningsperioden frå og med 01.06.2018 til og med 21.06.2018. For dei som ikkje sjølv møter på stiftingsmøtet på torsdag 21. juni kl. 19.30 på Nedstrand Bygdahus og teiknar seg direkte der, må korrekt utfylt teikningsblankett vere komen inn før kl 14.00 den 21.06.2018 til: Nedstrand Bygdeutval, v/Olav Ubøe, Dalvavegen 87, 5560 Nedstrand, tlf. 951 20 149, olav.uboe@hotmail.no eller til Ingeborg Baustad, 957 78 348, ibaustad@online.no.

0.4 Innbetaling av grunnkapital

Dersom teikna grunnkapital ikkje er innbetalt innan betalingsfristen, fell teikninga bort.

0.5 Garantikonsortium

Det føreligg ikkje teikningsgarantiar, eller dersom teikna beløpet er mindre enn NOK 200.000,-, vil stiftinga ikkje bli gjennomført, men utsett til eit seinare tidspunkt.

0.6 Kostnader

Stiftinga Nedstrandsvekst dekkjer alle kostnader i samband med stiftinga.

0.7 Teikning av annan eigenkapital etter at Nedstrandsvekst er skipa.

Etter at stiftinga Nedstrandsvekst er skipa, kan ein framleis teikne seg for kapital i stiftinga. Denne kapitalen kan også bli gitt i form av donasjonar, gåver, marknadsføringsbidrag m.m. Med mindre denne kapitalen er gitt til øyremerka føremål, vert den lagt til Nedstrandsvekst sin eigenkapital i form av annan eigenkapital.

TEIKNINGSBLAKETT for teikning av grunnkapital og annan eigenkapital til stiftinga NEDSTRANDSVEKST
Teikningsperiode i samband med stiftinga er 01.06.2018 til 21.06.2018.

Teikningsfrist TORSDAG 21. JUNI 2018 KL 14.00 (for dei som ikkje deltek på stiftingsmøtet kl. 19.30)

NB! Det vil og vere høve til å gje gåver/bidrag til stiftinga Nedstrandsvekst etter at stiftinga er etablert.

Vi gjer merksam på følgjande:

Selskapsforma Stifting er regulert gjennom Lov om stiftelser (Stiftelsesloven). Ei stifting er definert som (§ 2): « .. en formuesverdi som ved testamente, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig er stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art.»

Nedstrandsvekst vert ei næringsdrivande stifting.

Det er såleis å merke at i motsetnad til eit aksjeselskap vil den som her teiknar seg gje frå seg råderetten over midlane. Det teikna beløpet gjev ikkje rett til utbyte eller stemmerett/representasjon i stiftinga sine organ. Øvste organ i stiftinga er styret, som pliktar å forvalte midlane i samsvar med føremålet til stiftinga.

Teiknaren sitt namn eller firmanamn med BLOKKBOKSTAVAR

Eg/me teiknar oss for følgjande beløp: _____

Betaling innan torsdag 21. juni 2018 til bankkonto 3330.28.63380

Stad

Dato

Forpliktande underskrift

Teikningsblanketten må vere datert i teikningsperioden. Teiknaren må vere myndig. Når det vert teikna ifølgje fullmakt, skal dokumentasjon i form av firmaattest eller fullmakt leggjast ved. Teikninga er gyldig først når betaling er mottatt.

For dei som ikkje sjølv møter på stiftingsmøtet og teiknar seg direkte der, må korrekt utfylt teikningsblankett vere komen inn før kl 14.00 den 21.06.2018 til: Nedstrand Bygdeutval, v/Olav Ubøe, Dalvavegen 87, 5560 Nedstrand, olav.uboe@hotmail.no eller til Ingeborg Baustad, 957 78 348, ibaustad@online.no.

OPPLYSNINGAR OM TEIKNAREN:

Adresse	
Postnr og stad	
Telefon	
Epost	

FULLMAKT

Eg/vi har ikkje høve til å vere til stade under stiftingsmøtet for Nedstrandsvekst, torsdag 21. juni kl 19.00 på Nedstrand Bygdahus, og gjev med dette personen nemnd under fullmakt til å opptre på våre vegne under stiftingsmøtet. (set X).

_____ Svein Inge Djursvoll, nestleiar Nedstrand Bygdeutval

_____

Stad

Dato

Forpliktande underskrift